



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 17.12.2015

Vår ref.: 2015/3158

Arkivnr.: 512.1

Innovasjon Norge Rogaland
Postboks 8034
4068 Stavanger

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Strategisk bruk av dei bedriftsretta landbruksmidlane 2016 - endring

Vi viser til vårt brev «Strategisk bruk av dei bedriftsretta landbruksmidlane 2016» til Innovasjon Norge Rogaland, dagsett 14.oktober d.å., der ein av hovudføringane er at «nye kufjøs på dei sentrale områda på Jæren skal ha prioritet, under føresetnad av at den årlege produksjonskapasiteten ikkje er høgare enn 350 000 liter». Etter påtrykk frå Landbruks- og matdepartementet og diskusjon i den regionale landbrukspartnarskapen, tek vi denne føringa bort.

I Rogaland er det eit mål at mjølkeproduksjonen i distrikta blir vidareført med minst same volum som for år 2010. Områda utanom region Jæren har i dag om lag 35 % av den samla mjølkeproduksjonen i fylket. I distrikta set dei naturgitte føresetnadane ofte klare grenser for realisering av store nye kufjøs, både av økonomisk og/eller praktiske årsaker. Av desse grunnar skal nye kufjøsprosjekt i distrikta ha klar prioritet, med høg utmåling av tilskot.

I sentrale område på Jæren er det naturgitt enklare å skaffe fôr- og arealgrunnlag til drift av store kufjøs og høve til å ta ut stordriftsfordelar ved investering i nyanlegg. Vi har fleire døme på at store fjøs også kan gi stordriftsulemper – spesielt knytt til alt arbeidet ute, som til sist også gir lågare lønnsemd enn planlagt. Det er viktig at det også på Jæren blir bygd nye kufjøs, og at både bygga og produksjonsomfanget i størst mogleg grad er tilpassa naturlege føresetnadar – som også gir akseptabel prosjektøkonomi. For det første ser vi det som viktig at det meste av fôrarealet er eigd eller leigd i kort avstand frå nyfjøset. Vidare at bygga blir plasserte slik at det ligg godt til rette for aktiv beitebruk.

Vi legg derfor til grunn at bruk på Jæren i område utan naturgitte føresetnadar for å etablere stordrift, men kor det er sterkt ønske om å halde oppe og styrke mjølkeproduksjonen, blir gitt høg utmåling av tilskot. Samstundes er også her nemnte føresetnader om grovfôrgrunnlag og beitebruk viktig.

Vi tek atterhald om at dei strategiske føringane for 2016 kan bli noko endra i det endelege oppdragsbrevet for 2016, ut frå føringar frå overordna myndigheiter.

Med helsing

Hadle Nevøy
landbruksdirektør

Geir Skadberg
ass. landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Geir Skadberg
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 92
E-post: fmrogsk@fylkesmannen.no

Kopi til:

Landbruks- og matdepartementet Innovasjon Norge	Postboks 8007 Dep	0030	Oslo
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Rogaland Bondelag	Postboks 278	4002	Stavanger
Rogaland Skognæringsforum			